



Aleksander Rebaudo og Vegard Døssland leiar UKK dette skuleåret. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det blir uskedelingane Aleksander Rebaudo og Vegard Døssland som skal leia UKK (ungdommens kommunestyre i Kvinnherad) i skuleåret 2009/2010. 16-åringane, som går første året på Kvinnherad vidaregåande skule, vart valde til leiar og nestleiar under det første møtet i Rådhuset onsdag føremiddag.

Og ikkje nok med det: Av dei 15 medlemene blir det dette året fire frå Uskedalen, ettersom tiandeklassingen Hallvard Døssland og niandeklassingen Sindre Aksnes også er med. Dei går begge på Rosendal ungdomsskule.



Ordfører Synnøve Solbakken delar ut røystesettlar - til (frå venstre) Sebastian Torjusen frå Rosendal, Sindre Aksnes frå Uskedalen, Vegard Døssland frå Uskedalen og Aleksander Rebaudo frå Uskedalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Alexander og Vegard var med i UKK også i siste skuleår. Ved leiaralet fekk Aleksander 9 røyster og Vegard 4, men Vegard var slett ikkje skuffa av den grunn. Han var fornøgd med utfallet og ynskte skulekameraten lukke til med valet. Begge er sterkt engasjerte i ulike aktivitetar også utanom skulen - Aleksander tek sangundervisning medan Vegard spelar fotball og er ein lovande musikar.



Uskedelinger i UKK. Frå venstre sit Sindre Aksnes, Vegard Døssland, Aleksander Rebaudo og Hallvard Døssland. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Begge synest at dei har fått utretta noko i UKK, med løyving av midlar til einskildpersonar og grupper. Derimot nådde dei ikkje fram då dei gjekk inn for seinare bussavgangar frå Rosendal.

No i det nye året vil dei ta opp att denne saka og generelt gå inn for betring av kollektivtrafikk-tilbodet i Kvinnherad. Dei vil også jobba for betring av fritidstilbodet for ungdommen.

Leiarduoen strekar også under at det blir viktig å støtta opp om initiativ og idear frå elevråda.

Ordførar Synnøve Solbakken var også til stades under dette første møtet i ein ny 'sesong'- Ho gjorde teneste under valet av leiar og nestleiar og inviterte dei unge til å komma til ho med saker som dei finn aktuelle og viktige.

- Vegen til meg skal ikkje vera lang. understreka ho.

Av Ola Matti Mathisen